



Vi har samla nokre nyhende frå Festidalen under ein vignett vi kallar Festidalglyttar. Det er meir morosame og mindre viktige hendingar som syner det store mangfaldet av innslag når over 2000 glade festivalgjester møtest på eit gardstun i Uskedalen omkransa av vakker natur og utsikt.

Den eldste og den yngste

uskedalen.no har før skrive om den yngste, Ola Lilleaas, 5 månader gamal. Så langt vi kjenner til var Bjørgulv Eik den eldste. Han fyller 80 år i haust, på den markerte fredsdagen 11.11. Losjemannen Bjørgulv har vore med på det meste i det lokale kulturlivet i Kvinnherad og let seg ikkje skræma av nye fest- og samversformer.

200 frivillige

Av mange frivillige frå heile regionen finn vi rådmannen i Kvinnherad, Trond Sætereng. Etter lang køyring frå Elverum på laurdagen møter rådmannen og melder seg til teneste i gruppa Vertar. Ansvarer er tilsyn med scenen og nedrigging. Sætereng er godt nøgd og lovar å stilla som frivillig til neste år, om det vert festival. Elles merka vi oss at Sondre Solheim frå politiet stiller som frivillig fredagen. Fleire faste feriegjester på campinggen gjer det same.

Fjellklatring og så Festidal

Ved inngangen møter vi tre spreke menn som tidleg på dagen tek ei klatreøkt i Ulvanoso får så å gå på festival. Naturleg nok ligg dei i telt på Rabben. I samtalen kjem det fram at dei er mennene bak Rosendal Fjellsportfestival og dei kjenner fjella rundt Uskedalen betre enn dei fleste. På turen heim på natta let dei vel. No vil dei satsa på Uskedalen, meir enn før.

Veterantraktorar som kulisse

Traktorane frå Olsen motorsamling gjer stor lukke på festivalområde. Born og vaksne flokkar seg rundt, på og under doningane. Panseret er godt eigna til bardisk. Halvliteren står trygt og godt, så lenge det varer

Seigman lyste opp utmark og fjella

Dert er noko som heiter lyd og lys. Det er eit eige fagområde i musikk- og teaterverda. Seigman sin konsert hadde rikeleg av begge deler. Utmarka Revhaug, Buk og Halsatoppen fekk sterke lysglimt som aldri før har vore i saga. Sauene til Olav Hjetland Bringedal var i rampelyset. Ikkje nok med det. Hytta til Tormod Myklebust på Hjarterklett bada i eit ljospesjektil.

Let seg fotografera i ein SIM kontainar

Noko uventa merka vaktene at ein person låg avslappa i ein bosdunk frå SIM.

Innhaldet i dunken var øl- og siderboksar (pant).

Personen bad om få liggja til han var fotografert. Bilete ligg truleg ute på ei facebookside

For mange og for få bongar

Bongane var verdipapiret som let deg få drikke, mat, te skjorter og skyss heim.

Ved påstiging på bussane let mange oss få resten av bongane.

Ja, det kunne vera opp til 10 bongar til ein verdi av kr. 500,-

Nokre hadde brukt opp alle bongane sine og hadde ikkje rett på skyss heim.

Solidarisk fekk alle plass på bussane og kom seg trygt heim til si vesle bygd.

Dersom du har artige og morosame hendingar frå Festidalen, la oss få vita det.

Av Kristian Olav Bringedal

